REFERAT FRÅ FAU-MØTE 21.10.26

Til stades: Ole Tom Sinnes, Monika Anna Kus, Almut Becker, Kåre Todnem, Trine Tronvik Tjørhom, Hege Skjelbred Egeland, Åsne Lilledrange Fjeldsaa, Anders Tjørhom, Ingvild Fagerheim Skadberg, Linda Elise Eikeland, André Karoliussen og Hilde Marie Almås

Meldt forfall: Marta Wilas og Lars Enok Wang

Saksliste:

1. **SFO**
2. **SPØRJEUNDERSØKING**
3. **ANNA**

SFO:

- Foreldra uttrykte uro for situasjonen på SFO. Vanlegvis er det to faste tilsette på SFO, men begge er for tida sjukmelde.
- Til vanleg nyttar dei fleste borna på småtrinnet (1.-4. klasse) SFO, både før og etter skuletid og på onsdagar.
- Situasjonen no er at fleire foreldre held borna heime frå SFO fordi dei opplever at tilbodet ikkje er godt nok. Foreldre får SMS frå skulen kl. 21. 45, med melding om at skulen manglar bemanning på SFO, og spørsmål om dei som har høve til det, kan halda borna heime dagen etter. Nokre foreldre vel også å halde borna heime frå SFO fordi dei ikkje opplever tilbodet som trygt. Fleire born gruar seg til å gå på SFO.
- Hovudbekymringane til FAU er bemanninga på SFO, mangelen på veke- og månadsplanar og den utfordrande åtferda og haldningane blant borna på SFO.
- FAU vart samde om at leiaren i FAU skal sende ei skriftleg førespurnad til rektor ved Sinnes skule angående bekymringar/utfordringar knytte dagens situasjon, og be om ei tilbakemelding på status og planar for tida framover.
- FAU meiner også at eit snarleg foreldremøte for foreldra på småtrinnet kan ha ein positiv effekt på haldningane og skulemiljøet. Målet er å få flest mogleg foreldre til å bidra til positive handlingar og eit godt miljø for borna.

SPØRJEUNDERSØKING:

- På bakgrunn av fleire førespurnader og bekymringar knytte til situasjonen på SFO og blant elevane i friminutta utarbeidde og gjennomførte FAU ei spørjeundersøking blant foreldra.
- Foreldre fekk høve til å svare på undersøkinga under det felles foreldremøte på grendehuset 19. oktober. Dei som ikkje var til stades, har fått tilsendt ei lenkje slik at dei også kan delta.
- Målet med undersøkinga var å kartleggje skulemiljøet. Spørjeundersøkinga var sjølvsagt anonym.

- På FAU møte 21.oktober hadde det kome inn 34 svar, noko som er god oppslutning. Det vert sendt ut påminning om undersøkinga dei næraste dagane, for å prøve å få endå fleire til å delta.
- Ei rask gjennomgang av svara stadfesta tilbakemeldingane FAU har fått om utfordringar knytte til miljøet på småskulen, både i friminutta og på SFO.
- FAU håper å få inn fleire svar. I veke 44 vil FAU- leiaren leggje fram resultata frå undersøkinga for rektor.

ANNA:

I diskusjonane var FAU også innom andre tema og problemstillingar som ikkje stod på sakslista for dette møtet, men som kan vere aktuelle å ta opp på eit seinare Fau- møte.

- 4- vs. 5-dagars skuleveke for småskulen
- Parkeringsområde og uteområde ved Sinnes skule
- Oppstart av vennegrupper igjen

Tjørhom, 24.10.26

Hilde M. Almås

Sekretær i FAU